Skulen
Folkehøgskulen er frilynt og er ikkje bunden til noko religiøst eller politisk syn. Linetilboda ved folkehøgskulen er retta mot motorsport. Her kan du velge mellom motocross, snøscootercross og trial. Den greina du har lisens i, vil truleg bli ditt linefag. Denne skulen vil gje eit mangfald av mennesketyper som vil skape eit spanande og lærerikt miljø. Her kan de lære av kvarandre, på tvers av greiner og ambisjonar.

Setesdal folkehøgskule – motorsportskulen, ligg svært sentralt til i forhold til dei fleste stadane det blir halde arrangement i trial og motocross, og der den største tyngda av lisensierte utøvarar i motorsporten er. Skulen ynskjer eit breitt fagtilbod til ungdom som har interesse for motorsport. Setesdal folkehøgskule, i samarbeid med NMF, ynskjer å utvikle motorsporten og gje dei utøvarane som ynskjer det, eit tilbod ingen andre i Norden kan gje.

Skulen vil setje den seriøse treninga i sentrum og tilby eit skuleår for så vel erfarne køyrarar som adrenalinsøkjande ungdom.

Skulen har ein stor idrettshall med mange mogelegheiter for aktivitetar. Her kan ein dele opp hallen med lydtette veggar for fleire typer aktivitetar på ein gong. I tillegg er det styrkerom, spinningsal, symjehall og badstoge.
I Brokke, ti minutt frå Valle, er det alpinanlegg som kan brukast i forbindelse med, og utanom undervisning.

Internatet
Skulen har eit internat med plass til 35 elevar. Internatet er delt i fire fløyar, og har ei felles peisestoge med TV. Dei fire fløyane utgjer bugrupper som har felles ansvar for fløyen. Desse vil ha møte ei gong i veka. Det er eit stort kjøkken med matsal, der vi et alle måltida saman. I tillegg er det eit mindre kjøkken på kvar fløy, som har alt nødvendig utstyr. Kvart kjøkken har steikeovn, mikrobølgeovn og oppvaskmaskin. Elevane vil ha tilgong på eit stort fryserom. I ein av fløyane er det vaskerom med tørketrommel. Der er og eit triveleg fellesareal ute, med gressplen og benkar.

Alle som går på Setesdal folkehøgskule – motorsportskulen, får einerom, og deler bad med ein medelev. Romma varierer i størrelse. På romma er det seng, klesskap, bokhylle, arbeidsbord, kontorstol og arbeidslampe. Du må sjølv ta med deg dyne, pute og sengetøy.

Heile skuleåret vil det være ein internatleiar tilstades på internatet. Internatleiaren skal være tilstades på internatet i tilfelle noko skulle skje utanom undervisningstid, slik at de som elevar alltid er trygge på at nokon er tilstades og som kan hjelpe dykk om det skulle vere noko.

Motorsenteret
Folkehøgskulen har tilgong på eit stort motorsportsenter. Det er her Hylestad snøscooterklubb har sin treningsbane. Her har det blitt halde NM, EM og VM i snøscootercross. På motorsportssenteret er det crossbane, trialterreng (innandørs og utandørs), undervisningslokale, sanitæranlegg, parkeringsplass, lagringsplass og verkstad. Her vil all aktivitet med køyretøy gå føre seg.

Oversiktsbilete av motorsenteret

Klubbhuset